



Riksantikvaren

Pb. 1483

0116 OSLO

Geiranger / Aurland 03.09.2018

## **SØKNAD OM FINANSIERING TIL ETABLERING AV KULTURVERNFORVALTARAR I VESTNORSK FJORDLANDSKAP**

*Vestnorsk fjordlandskap representert ved Geirangerfjorden- og Nærøyfjorden med omland vart i 2005 innskriven på UNESCO si liste over verdas natur- og kulturarv. Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap har som si fremste oppgåve å arbeide for å ivareta og fremje verdsarvstatusen tildelt Geirangerfjord- og Nærøyfjordområdet i fellesskap.*

**Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap søker med dette Riksantikvaren om finansiering til 2 faste stillingar som kulturvernforvaltarar for verdsarvområdet frå 2019. 1 fagstilling til kvart delområde.**

Vi viser til vedlagt skriv frå Møre og Romsdal fylkeskommune om tilskot til finansiering av ei fagstilling som kulturvernforvaltar for Geirangerfjordområdet, sendt verdsarvkommunane våren 2018. Målet har vore å få på plass ei slik fagstilling allereie frå 2019 gjennom eit større spleiselag. Dette har vist seg vanskeleg å få til og er ei lite langsiktig og stabil løysing. I tillegg ser ein behov for slike fagstillingar i begge fjordområda og saka vart drøfta i Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap i møtet rett før sommaren. Verdsarvrådet landa følgjande samrøystes semje:

*«Leiarship og sekretariat sender ein felles søknad til Riksantikvaren om finansiering av 2 stillingar til Vestnorsk fjordlandskap i arbeid for bevaring og restaurering av viktige kulturminner i verdsarvområdet. Stillingane vil ha ein svært viktig funksjon også som rådgjevar for grunneigarar og fylkeskonservator i viktige saker for kulturminneforvaltninga i verdsarvområdet.»*

Både Geirangerfjordområdet og Nærøyfjordområdet har tidlegare hatt restaureringshandtverkarar tilsett i mellombelse prosjektstillingar med svært gode erfaringar. Slike fagstillingar har vist seg svært verdifulle i kryssinga mellom byråkratiet (fylkeskonservator/RA), grunneigarar/eigarar av kulturminner og frivillige lag og organisasjonar. Ei slik fagstilling vil styrkje verdsarvstiftingane sitt gode samarbeid mot frivillige lag og organisasjonar, som har ein stor verdi for verdsarvområdet. Ein av desse organisasjonane er Storfjordens Venner, som har drive kulturminnevern i Geirangerfjorden og tilstøytande fjordar sidan 1975. Organisasjonen sit med ein stor kompetanse både om kulturminner i området og vern. Sidan 1975 har Storfjordens Venner restaurert meir enn 130 bygg på fjordgardane langs Storfjorden. Interesseområdet for foreininga er dei nedlagde fjord- og fjellgardane kring Storfjorden på Sunnmøre.



Erfaringa har også vist at det er svært viktig at slike fagstillingar ikkje kan vere mellombelse prosjektstillingar med korte tidshorisonar. Det er heilt uråd å behalde god fagleg kompetanse, med mellombels og usikker finansiering av slike fagstillingar. I begge delområda missa verdsarvstiftingane kompetansen, grunna at ein ikkje kunne tilby fast jobb. Det er difor av avgjerande betydning å sikre ei fast finansiering gjennom ei klar prioritering av bruken av verdsarvmidlane til Vestnorsk fjordlandskap frå Riksantikvaren.

### **Kulturvernforvaltaren sine oppgåver**

- Tilsyn med tilstanden til kulturminna og kulturmiljøa
- Initiere tiltak der det manglar initiativ frå eigarsida
- Planlegge istandsetting – beskrive tiltak som grunnlag for bestilling
- Få fram søknader om tilskot
- Utføre istandsetjingsoppgåver

### **Lokalisering og arbeidsgivaransvar**

Stillingane bør lokalisrast til Geiranger/Norsk fjordsenter og Aurland. Kulturvernforvaltaren vil trenge eit handverksfagleg nettverk. Behovet for å formalisere eit slikt nettverk vil vere avhengig av kva for person som blir tilsett i stillinga. Arbeidsgjevaransvaret bør ligge til Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv i nord og Nærøyfjorden Verdsarvpark i sør. Desse organisasjonane dekkjer heile verdsarvområdet i fellesskap og sit i dag allereie på viktige funksjonar for verdsarvområdet som områdekoordinatorar og formidlarar og har eit godt samarbeidsklima opp mot frivillige lag og organisasjonar og grunneigarar i verdsarvområdet. Eit fagleg nettverk som vil vere viktig for kulturvernforvaltaren. Fylkeskommunane si vurdering er at det synest riktig å legge arbeidsgivaransvaret til verdsarvstiftingane i kvart delområde.

### **Budsjett og finansiering**

Møre og Romsdal fylkeskommune har teke initiativ overfor kommunane og andre partar, i eit forsøk på å få på plass ei slik stilling i nordområdet på kort sikt, på nyåret 2019. Det er fortsatt uklart om ein vil klare denne målsettinga, då kommunane enno ikkje har behandla saka frå fylkeskommunen.

Verdsarvrådet tilrår at desse fagstillingane i sin heilskap vert dekkja av verdsarvmidlar over Riksantikvaren sitt budsjett, tilsvarande som verdsarvkoordinatorstillingane vert dekkja over Miljødirektoratet sine verdsarvmidlar.

Eit årsverk blir stipulert til 900 000 kroner til løn, sosiale utgifter og noko reise-kost-utgifter i stillingane per delområde, totalt kr. 1.800.000 til Vestnorsk fjordlandskap. Som nemnt tidlegare så er det avgjerande at desse fagstillingane vert fast prioritert av rammene som vert tildelt fylkeskommunane frå RA sin pott, slik at arbeidsgjevaransvaret ikkje medfører ein stor finansiell risiko for verdsarvstiftingane. Det er og viktig å streke under at desse midlane må komme i tillegg til midlar til istandsetjing og restaurering, elles vil funksjonen ikkje få nokon verdi for verdsarvområda. Verdsarvrådet har registrert at Vestnorsk fjordlandskap hittils har fått ei finansiell uttelling frå verdsarvmidlane over RA som er betydeleg mindre enn andre verdsarvområde i Norge.



**Vi ber om eit snarleg møte med Riksantikvaren om saka og til møtet vil leiarskapen invitere med oss dei respektive fylkeskommunane, då dette er ei viktig sak for fylkeskonservator i både S&F, M&R og Hordaland.**

**Kontaktinformasjon til leiarskap og sekretariat for Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap:**

Arne Sandnes, leiar Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap:

[arne.sandnes@norddal.kommune.no](mailto:arne.sandnes@norddal.kommune.no) Tlf: 976 69 990.

Hans Erik Ringkjøb, nestleiar Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap:

[Hans.Erik.Ringkjob@voss.kommune.no](mailto:Hans.Erik.Ringkjob@voss.kommune.no) Tlf: 971 38 720.

Sekretariat:

Katrin Blomvik, sekretariatsleiar Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap:

[katrin@verdsarfjord.no](mailto:katrin@verdsarfjord.no) Tlf: 954 27 390.

Med vennleg helsing

Arne Sandnes  
Leiar Verdsarvrådet  
Vestnorsk fjordlandskap  
UNESCO World Heritage Site

Hans Erik Ringkjøb  
Nestleiar  
Vestnorsk fjordlandskap  
UNESCO World Heritage Site